

Justis- og politidepartementet  
Pb. 8005 Dep  
0030 Oslo

postmottak@jd.dep.no

Oslo, 27.08.10

## HØYRING – ENDRINGAR I VALDSOFFERERSTATNINGSLOVA

### 1. Innleiing

Juridisk rådgivning for kvinner, JURK, viser til høyringsbrev av 15.06.10 om endringar i valdsoffererstatningslova. Me takkar for tilliten som høyringsinstans.

JURK gir gratis juridisk rådgiving til kvinner, og me uttaler oss på bakgrunn av dei erfaringane me har gjort i sakshandsaminga vår.

### 2. Merknader til dei enkelte punkta i høyringa

#### 2.1 Uskyldspresumsjonen – endring av valdsoffererstatningslova § 1

Det er føreslått eit nytt andre ledd i § 1 som seier at: "Selv om det ikke foreligger straffbar handling, kan den som har lidd personskade som følge av en skadevoldende handling som krenker livet, helsen eller friheten i særlige tilfeller gis valdsoffererstatning fra staten etter reglene her".

Departementet understrekar at forslaget ikkje vil innebere ei realitetsendring og at det heller ikkje skal vere noko endring i beviskravet om klar sannsynlegovervekt for at den skadelidne har vore utsett for ei handling som nemnt i § 1 i lova.

JURK gjer merksam på at ordlyden "særlege tilfelle" lett kan tolkast som at det blir stilt strengare krav til bevisvurderinga. I tillegg går ikkje departementet nærare inn på kva som skal til for å oppfylle kravet til "særlege tilfelle" i andre ledd. Sjølv om utgangspunktet er at praksisen skal vere den same som før, vil ein slik ordlyd gi grunnlag for å tolke inn ein ny praksis. JURK føreslår dermed at departementet endrar ordlyden slik at den samsvarar meir med intensjonane bak forslaget.

---

Telefon:  
22 84 29 50  
Faksnr:  
22 84 29 51

Telefonhenvendelse:  
Man kl 09 - 15  
Tir kl 17 - 20  
Ons kl 09 - 15

Klientmottak:  
Tir kl 17 - 20  
Ons kl 12 - 15

Adresse:  
Arbinsgate 7  
0253 Oslo  
www.jurk.no

## 2.2 Merknader om forelding i valdsofferforskrifta

Valdsofferforskrifta § 1 opnar for at det skal gis erstatning i den grad det er rimeleg. Det er ikkje tatt inn foreldingsfrist i valdsofferforskrifta. JURK gjer merksam på at å tolke inn foreldingsfristar i rimelegheitsvurderinga er å trekkje forvaltninga sitt frie skjøn langt. I Ot.prp. nr. 4 (2000-2001) punkt 5.2 vart det slått fast at eit avslag på bakgrunn av rimelegheitsvurderinga åleine kan vere gjenstand for misbruk av avgjerdsrett. Eit slikt vedtak vil kunne overprøvast av domstolane.

Departementet gjer gjeldande at foreldingsfristen har bakgrunn i praksis. Den første nemndsavgjerda kor langvarig passivitet var eit moment i rimelegheitsvurderinga stammar frå 2005 (ENV-2005-1866). JURK understrekar at spørsmålet om forelding her berre var eit moment i avgjerda, og at dette ikkje gir grunnlag for ei absolutt foreldingsfrist.

Departementet legg til grunn at det ikkje er nødvendig med endring av forskrifta fordi praksis underbygger departementet si forståing av foreldingsfrist. JURK kan ikkje sjå at det ligg føre noko einsarta eller langvarig praksis på dette området, då det einaste som støttar departementet si vurdering er ei nemndsavgjerd (ENV-2010-144). JURK gjer merksam på at det før avgjerda frå 2005 (ENV-2005-1866), der spørsmålet om forelding for første gong vart tatt opp, låg føre ein langvarig praksis, både frå Kontoret for valdsoffererstatning og nemnda. I denne praksisen blir ikkje foreldingsfristen gjort gjeldande. Det verkar ikkje som departementet har vektlagd tidlegare praksis ved avgjerda av foreldingsfrist etter forskrifta.

Rettskjeldemessig sett skal det meir til for å etablere ei foreldingsfrist enn ei avgjerd frå nemnda. JURK meiner at dersom denne praksisen skal vidareførast, så må det gjerast ved stadfesting i forskrifta.

Departementet legg til grunn at forhold som fell inn under forskrifta ikkje skal stillast betre enn dei forholda som fell inn under valdsoffererstatningslova når det kjem til forelding. Dette blir grunnleggjande i likehandsamingsprinsippet.

JURK gjer merksam på at likehandsamingsprinsippet ikkje ser ut til å gjelde på forhold som fell inn under forskrifta når det gjeld erstatningsutmålinga. Etter forskrifta har eit valdsoffer maksimum krav på 150 000-200 000 kroner, medan forhold som fell inn under valdsoffererstatningslova har eit tak på 40 G. Gode grunnar talar derfor for at det skal vere mildare foreldingsreglar når det gjeld forhold som fell inn under forskrifta.

JURK gjer også merksam på at strengare krav til spesialisterklæring (attest) vil ramme dei mest ressursvake valdsopfra. JURK representerar mange klientar som har blitt utsett for overgrep som barn. Mange av desse klientane har ikkje ressursar til å oppsøkje fagpersonell som til dømes ein psykiater. Nokre av dei kjem frå familiar med lite ressursar kor det ikkje har vore naturleg å oppsøkje det offentlege hjelpeapparatet og der sjølvmedisinering har vore løysninga. Strengare krav til dokumentasjon på at dei ikkje hadde kunnskap om skada på eit tidlegare tidspunkt vil vere vanskeleg for denne klientgruppa å skaffe. Dersom det blir stilt strengare krav til spesialisterklæring (attest) vil dei i mange tilfelle bli hindra i å søkje erstatning.

### **2.3 Endring av valdsoffererstatningslova § 13 – Organiseringa av klagehandsaminga**

JURK er i utgangspunktet positive til departementet sitt forslag om å effektivisere prosessen med klagehandsaminga. I dag ser me at lang sakshandsamingstid går ut over våre klientar, og at belastninga med lange ventetider kan vere ei årsak til at mange av dei vel å ikkje påklage avslag på valdsoffererstatningssøknaden.

JURK stiller seg spørjande til gjennomføringa av forslaget til departementet. Dette gjeld spesielt bruken av eksterne sakkunnige. For at Statens sivilrettsforvaltning skal ha same kompetanse som nemnda har i dag, må ein medisinsk sakkunnig vere med på avgjerda i kvar enkelt sak. JURK stiller seg tvilsam til at 150 000 kroner er tilstrekkelege middel for å dekkje utgifter til eksterne sakkunnige. På bakgrunn av dei midlane som er øyremerka, stiller JURK seg spørjande til i kor stor grad ordninga med eksterne sakkunnige vil bli gjennomført i praksis. Slik JURK ser det er det framleis uklart korleis ordninga skal gjennomførast, og då særskilt kor mange sakkunnige som skal koblast til Statens sivilrettsforvaltning og i kor stor grad dei skal delta i kvar enkelt avgjerd. JURK stil også spørsmål ved om den medisinske kompetansen vil ha eit like stort omfang som den har i nemnda i dag. JURK etterspør ei nærare utgreiing der departementet tar stilling til dette.

For at dei sakkunnige si medverknad i kvar enkelt avgjerd skal vere reell, føreslår JURK at ordninga med sakkunnige i Statens sivilrettsforvaltning blir lovfesta slik leiaren og varaleiaren av nemnda sin juridiske kompetanse er i dag, jf. gjeldande valdsoffererstatningslova § 13.

Departementet kan ikkje sjå at det ligg føre sterke grunnar til å fråvike hovudregelen om at klagehandsaminga skal skje "i linja" i valdsoffererstatningssaker. JURK er av den oppfatning at krava til medisinsk kompetanse tilseier at klagehandsaminga kan skje utanom linja. Fokuset må vere at klageorganet har tilstrekkelege kvalifikasjonar, noko Statens sivilrettsforvaltning ikkje har per dags dato. JURK viser til at departementet har fått hjelp av spesialist i psykiatri og medlem av nemnda, Marianne Jakobsen, for å gjere greie for kva kravet om kunnskap om skaden og den ansvarlege inneber. Dette viser at slike vurderingar kan vere vanskelege å gjennomføre dersom ein ikkje har den nødvendige medisinske kunnskapen.

Departementet slår fast at dersom to nemnder skal arbeide parallelt vil dette kunne gi eit sprik i praksis. JURK gjer merksam på at einsarta praksis også vil vere ei utfordring etter modellen departementet føreslår, då Statens sivilrettsforvaltning må tilknyttast fleire sakkunnige for at dei skal vere til stades i kvar enkelt avgjerd. Sidan argumentet om einsarta praksis er det einaste som tilseier at departementet ikkje ønskjer to nemnder, kan dette tyde på at økonomiske omsyn er den bakanforliggjande grunnivinga.

## **2.4 Avsluttande kommentarar**

Primært stiller JURK seg positive bak eit forslag om to nemnder, då dette på ein betre måte vidarefører den medisinske kompetansen nemnda har i dag.

Subsidiært kan JURK godta ei ordning med Statens sivilrettsforvaltning som klageinstans, dersom det vart lovfesta at eksterne sakkunnige vart med i kvar enkelt avgjerd.

For Juridisk rådgivning for kvinner ( JURK )

Jøran Helene Stake

Ida Thorsrud

Line Johanna L. Hanøy